

Referent: Åge Avedal**Dato** 02.03.2022

Emne:	Referat frå møte i samarbeidskomiteen for frivilligheitas år 2. mars 2022	
Til stades:	Per Arne Aadland (Bergen og Hordaland Turlag, representerer FNF Hordaland), Evy Utne Knutsen (SAFO), Annette Tranøy (SAFO), Kari Valle (Vestland frivilligsentralar), Marianne Hoff (Vestland Musikkråd), Vibecke Magnus (FFO Vestland), Knut Songve (Vestland idrettskrets), Inger Paulsen (Vestland Innvandrerråd), Torgeir Toppe (VOFO Vestland), Elin Molven, Frank Tore Farsund Tveit, Ronny Skaar, Åge Avedal. (dei fire siste frå Vestland fylkeskommune).	
Forfall:	Geir Rune Rauset (FNF Sogn og Fjordane)	Sak: 2022/1315 - 11
Møtetid:	02.03.2022	Møtestad: Teams

Møteleiar: Ronny Skaar

Møtet starta med presentasjon av deltakarane. SAFO (Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjonar) Nordvest og Sørvest er nye deltakarar i samarbeidskomiteen.

1. Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkallinga og saklista vart godkjent.

2. Gjennomgang av referat frå siste møtet, 3. februar 2022

Referatet vart gjennomgått og godkjent.

3. Orientering frå fylkeskommunen:

Det vart orientert frå fylkeskommunen om frivilligprisen, tilskotsordninga til tiltak i Frivilligheitas år, spørjeundersøkinga «Barnefamiliepanelet» og arbeid med amatørkulturråd i Vestland.

4. Frivilligkonferansen

Konferansen blir 17.-18. juni i Sogndal. Datoen er endra frå 10.-11. juni, grunna kollisjon med andre hendingar. Konferansedagen er 18. juni, med kveldsarrangement 17. juni for dei som ønskjer det.

Vi tok ein gjennomgang på om organisasjonane ønskjer å vere med som samarbeidspart på arrangementet. Dette inneber å få logo/namn med på informasjonsmateriellet, vere til stades på konferansen, informasjonsarbeid og bidra med innspel til programmet.

VOFO Vestland, Vestland frivilligsentralar, Vestland innvandrarråd, FFO Vestland, Vestland Musikkråd og Vestland Idrettskrets har fått positiv innstilling frå styra til å vere samarbeidspart. Bergen og Hordaland Turlag er positive til å vere med, men representerer FNF Hordaland inn i samarbeidskomiteen – og vil derfor avklare deltakinga internt. SAFO Nordvest og Sørvest er positive, men vil ta opp spørsmålet i styret. Vi kontaktar FNF Sogn og Fjordane for å få avklart om dei vil vere samarbeidspart.

Innspel til programmet for konferansen:

- Læring innan frivilligheita kan vere tema. Kvifor vere frivillig?
- Kven er vi ute etter som innleiarar? Politikarar? Frå organisasjonane? Lokale frivillige frå Sogndalsområdet? Nasjonale profilar?
 - Svar frå Ronny: Det er sett av midlar i budsjettet til å kunne bruke ein del midlar på innleiarar.
- Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor kan vere aktuelle med innleiarar.
- Forskingsstiftelsen FAFO. Torgeir (VOFO) vil sende over forslag til aktuelle innleiarar.
- «Alle med» er aktuelt som tema
- Bruke tilsette ved Frivillighet Norge som innleiarar.
- Aktuelle programleiarar: Linda Eide? Nokon frå organisasjonslivet som sjølv jobbar mykje frivillig?

Førebels program er lagt ved referatet.

Vedtak: Fleire innspel til programmet sender organisasjonane på e-post til Åge innan 11. mars. Arbeidsutvalet tar nytt møte etter dette, og set saman eit forslag som blir delt på e-post med alle i samarbeidskomiteen for kommentarar. Målet er å vere klar med programmet i løpet av mars.

5. Kommunikasjonsplan

Forslaget til kommunikasjonsplan vart presentert. Er også lagt ved referatet

6. Frivilligtorg under Fjordsteam i Bergen 4.-7. august

Fjordsteam ønskjer å inviter til frivilligtorg under Fjordsteam i Bergen. Paraplyorganisasjonane kan formidle informasjon om at det er høve til å delta på frivilligtorget på Koengen. Det er utfordrande at det er ferietid. Fylkeskommunen kjem tilbake med meir informasjon på neste møte.

7. Runde rundt: Organisasjonane presenterer nytt om sitt arbeid med FÅ 2022

Vestland Idrettskrets har sitt kretsmøte 2. april i Førde med tema ung frivilligheit. Elles har NM-veka i mars ekstra fokus på frivilligheit. Vil jobbe meir med VÅR DAG.

Vestland Musikkråd jobbar framleis med arrangement Samstemt i Bergen 1. oktober. Jobbar med musikk i fengsel, og eit av banda frå dette prosjektet vil delta 1. oktober. FFO Vestland vil også delta gjennom band frå sine organisasjonar.

Innspel: Kan overordna tema vere at frivilligheit bidrar til god psykisk helse?

Bergen og Hordaland Turlag skal ha markering av Frivilligheitas år / VÅR DAG 22. mai. I tillegg blir det samling for frivillige i desember. Jobbar med «oppdragssystem» for frivillige.

Vestland frivilligsentralar koordinerer Sykkelturen 2022 med mange lokale arrangement i Vestland. Ulike arbeidsgrupper jobbar med dette, og mange lokale organisasjonar ønskjer å bidra til arrangementa.

8. Eventuelt

Neste møta er i samarbeidskomiteen 20. april og 25. mai.

Åge Avedal
- referent -